

## REFERAT STYREMØTE NBF SOGN OG FJORDANE 01.09.03

Følgjande deltakarar på møtet på Skei Hotel 01.09.03 kl 17.00:

Asbjørn Feten (ref), Dagfinn Lauritsen, Njål Kjørsvik, Kai Lille-Homb, Rolf H. Myhren  
Kåre Aasebø og Arve Bjørn Røneid melde forfall.

Referat frå telefonstyremøte 30.01.03 samrøystes godkjend.

### **SAK 08-03: Orientering frå leiar**

Asbjørn informerte om kretsledarmøtet i Bodø, og grunnen til at kretsen ikkje deltok. Det var og reaksjonar på omtalen i siste medlemsblad.

Kretsen har hatt vannskade på ca 280 kortstokkar i samband med utleige. Rutinar for utleige og transport/ansvar vart gått gjennom.

### **SAK 09-03: KRU utval i kretsen**

KRU-utvalet vårt (sjå sak 4/03) hadde ein passiv rolle under KRU samlinga på Gardermoen i mars. Styret gjorde vedtak på at dei som var utsendingane våre på KRU samlinga (Ole Jonny Grøneng og Herold Kråkenes) går inn og erstattar utvalet, med Dagfinn Lauritsen som leiar.

### **SAK 10-03: Terminliste**

Terminlista er diskutert over telefon tidlegare og utsendt til alle. Detaljar vart diskutert og styret gjorde fylgjande vedtak:

-parfinalen vert flytta til Førde

-KM-lag vert avvikla etter fjorårsmodellen, med fri påmelding i sonevis samlingar med minst 6 lag i kvar pulje. Puljene vert truleg Leikanger, Førde og Nordfjordeid. Beste halvpart i kvar pulje får tilbod, og spelar avsluttande finale om KM tittelen i Førde. (max 14 lag)

-divisjonsspelninga siste året gav eit underskot på over 6000,-. Dersom NBF ikkje svarar positivt på tilleggsstøtte, var styret einstemmig på å fråsei seg denne sesongs arrangement og overlata turneringa til forbundet.

### **SAK 11-03: Krets-samling 6.september**

Det vart gått gjennom samlinga til helga, beklagelegvis er fleire av styret forhindra i å møte.

### **SAK 12-03: Godtgjering til styret**

Krinstinget har innvilga inntil 40.000,- i godtgjerdsle til styre og utval. Det vart fremja eit forslag som styret tek stilling til på neste møte. Då lynet har slege ned i kretsens reknskap, tek det litt tid då alt reknskap siste året må punsjast påny.

### **SAK 13-03: Turneringsleiarkurs**

Kretsen innbyr til turneringsleiarkurs/ enklare turneringsleiing. Det vert her tenkt å arrangere lokale samlingar dersom interessa er tilstades.

### **SAK 14-03: Lotteri 2003.**

Kai gjekk gjennom rekrutteringslotteriet 2003, og vidare handsaming av loddane og oppgjer.

Møtet slutt 21.45.